Jondal sokn v/trusopplærar Anne Karin Stormyr

epost: as476»krøllalfa»kyrkja.no, mobil91394982

**Til alle 9-åringar i Jondal sokn, m/føresette;**

**Jondal, 1.oktober 2026**




**Første søndag i advent, søndag 29.november kl.16.00, er det ljosmesse i Jondal kyrkje. Du som er 9 år i 2026, er særskilt invitert til denne gudstenesta. Kyrkjelyden ønskjer å gje deg og alle 9-åringar i Jondal sokn Norsk salmebok i gåve denne dagen. Det er den vanlege raude salmeboka de får i gåve.**

Under ljosmessa vert namna på 9-åringane opplesne, og dei som er tilstades kjem fram og mottek salmeboka. **Takk for at de som får denne invitasjonen, sender tilbakemelding til Anne Karin pr SMS til mobil91394982 innan 26.oktober** (eller gjerne med ein gong), der de melder anten

1) Takk for invitasjonen. X (namnet på barnet) kjem på ljosmessa og tek imot gåva. (NB! Langt fram, viss de likevel ikkje kan kome, melder de berre frå seinare og ber om boka i etterkant i staden.)
2) Takk for invitasjonen. X (namnet på barnet) har ikkje høve til å kome på ljosmessa, men ønskjer å motta gåva i etterkant.
3) Takk for invitasjonen. X (namnet på barnet) ønskjer ikkje å ta imot gåva.

**Som ei helsing frå Jondal sokn, skriv vi namnet ditt i boka og stemplar med gåve frå Jondal sokn. Difor er det viktig for oss å vite kven som ønskjer å ta imot gåva. Under utdelinga les vi berre opp namna på dei borna som har takka ja.**

**Velkomen!**
*Venleg helsing*
*Anne Karin Stormyr,*
*kantor i Jondal sokn,*

STØRST AV ALT

* **På Hausttakkefesten 25/10 kl.17 kan alle born som vil,** vere med i inngongsprosesjonen og **bære fram frukt, blomar eller grønsaker som vi pyntar med, framme i kyrkja.** Ta gjerne med noko sjølv. Elles har vi litt på lur, slik at alle skal få bere noko. Møt kl.16.50 i Våpenhuset/ kapellet om du vil vere med og bere inn og å pynte framme i kyrkja.
* **Advents-, jule- & vinterutstilling: Alle born i soknet opp til og med 15 år kan vere med og pynte kyrkja til advent/ jul/ vinter.** Vi tenkjer å lage ei utstilling av stjerner og englar som vert hengt opp under galleriet. Utstillinga opnar på Ljosmessa, og alle som vil vere med, leverer sin engel eller si stjerne til Anne Karin innan 25/11. Materiell og metode velgjer de sjølve, men storleiken bør ikkje vere større enn max 20 x 20 cm.